

Høyring av verneplan for skog

Forslag til vern av Kringsås naturreservat, Midt-Telemark kommune



Hul eik ved solekspnert bergvegg. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Juli 2024**

| Innhald | side |
|--|-------------|
| 1. Bakgrunn..... | 3 |
| 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern..... | 3 |
| 3. Heimelsgrunnlag..... | 3 |
| 4. Saksgang..... | 4 |
| 5. Verneplanen sitt omfang..... | 8 |
| 6. Faktaark..... | 9 |
| 7. Framlegg til verneforskrift..... | 14 |

Vedlegg: Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.



Bratt sandfuruskog med gammal skog. Foto: Sigve Reiso

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til oppretting av Kringsås naturreservat i Midt-Telemark kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarene i området om frivillig vern av skog. Tilbodet kom inn 28. januar 2021 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2018 i forbindelse med kartlegging av kalkskog i Telemark, som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017» og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå FN's berekraftsmål 15 som har som mål å verna, gjenoppretta og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, nedkjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

- ” Som naturreservat kan vernes områder som
- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
 - b) representerer en bestemt type natur,

- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Kringsås naturreservat vart meldt 19. mai 2023 med same namn, og frist for fråsegner var 5. juli 2023. Statsforvaltaren melde oppstart på verneprosess for 17 områder i same brev. Vi har lista opp alle som kom med uttale til oppstartsmeldinga sjølv om dei ikkje har uttala seg om Kringsås i Midt-Telemark.

Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Språkrådet (brev dagsett 01.06.2023) uttalar følgjande:

«Ingen merknader. Namnet høver på området, og Kringsås er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR».

Everket (e-post dagsett 12.06.2023) har ikkje gitt uttale til Kringsås.

Bane NOR (brev dagsett 16.06.2023) uttalar følgjande:

«Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 19.05.2023. Ingen av verneområdene berører jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader».

Forsvarsbygg (brev dagsett 23.06.2023) uttalar følgjande:

«Vi ser foreløpig ingen konflikter med det foreslåtte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber og om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterligare merknader til verneframlegget.»

Tinn kommune (brev dagsett 23.06.2023) har ikkje gitt uttale til Kringsås.

Skagerak Kraft AS (e-post dagsett 28.06.2023) har ikkje gitt uttale til Kringsås.

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 30.06.23) uttalar følgjande:

«DMF er fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i

vernesaker.

Fråsegn frå DMF

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar og ei langsiktig forvaltning av disse er derfor viktig. Viss ressursane byggast ned eller vernast, er dei i mange tilfelle utilgjengeleg i overskødeleg framtid. Mineralressursar representerer store verdiar og utvinning gir grunnlag for anna næringsliv.

Norges mineralstrategi1 seier at «Frem mot 2050 vil tilgangen på metaller og mineraler være avgjørende for om vi globalt når målene vi setter oss i den grønne omstillingen».

DMF er i denne samanhengen opptatt av at mineralressursar som har eller kan ha verdi ved uttak og utnytting, blir teke omsyn til i verneprosessen. Det betyr at det må innhentast tilstrekkeleg informasjon om førekomstar som inngår i dei føreslåtte verneområda, for å vise verknaden av vern på dei mineralske ressursane. Blant anna er det særleg viktig å undersøke om førekomstar som ikkje er verdivurdert kan innehalde ressursar som er viktige, og om det er mogleg å sikre tilgangen til strategiske og kritiske mineral dersom areal blir verna.

Kopar og feltspat er blant anna på EU sin liste over kritiske og strategiske mineral. Der det finst mineralske ressursar som kan være aktuelle å utnytte i framtida, bør disse unnlatast frå vern.

Undersøkningsrapportar tilgjengeleg i DMF sitt kartinnsyn2 kan vere ein del av kunnskapsgrunnlaget ved vurderinga om vern.

Kringsås

Området røyrrer ved molybdenførekomsten Kringsås¹⁰ som NGU har vurdert til å ha liten betydning og koparførekomsten Ransvik¹¹ som ikkje er vurdert av NGU. Området røyrrer også ved sand- og grusførekomsten Rolighetesmoen¹² som er vurdert til å ha lokal betydning som byggeråstoff. DMF forventar at det innhentast meir informasjon om koparførekomsten som ikkje har verdivurdering frå NGU med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning. Dette må gå fram av høyringsdokumenta».

Henvisningar:

10)https://geo.ngu.no/api/faktaark/mineralressurser/visImiNasOreOmr.php?objid=5415&p_spraak=N

11)https://geo.ngu.no/api/faktaark/mineralressurser/visImiNasOreOmr.php?objid=5736&p_spraak=N

12) https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=60632

Naturvernforbundet i Øst-Telemark (e-post oversending dagsett 05.07.2023) uttalar følgjande:

«Naturvernforbundet i Øst-Telemark har disse merknader til oppstartsmeldinga:

Vi er positive til at flere verdifulle skogområder i Notodden og Tinn vernes. Det er spesielt gledelig at det kommer inn gode tilbud fra skogeiere rundt Follsjå, et område vi har hatt fokus på, og der det har vært god dialog med skogeierne. Samtidig er vi opptatt av at det er de viktigste områdene som må prioriteres først, spesielt nå i en situasjon der det er begrenset

med midler og lang kø av vernekandidater. Vi er også opptatt at grensene for verneområdene trekkes slik at de fanger opp verneverdiene på en helhetlig og god måte.

Det er særlig områder i lavlandet og andre typer som har lav dekning av vern som vi ønsker å ha et spesielt fokus på».

Naturvernforbundet i Øst-Telemark har ikkje gitt uttale om Kringsås.

NVE (brev dagsett 05.07.2023) skriv følgjande:

«Vi viser til melding om start av verneplanprosess for nye områder for frivillig vern av skog i kommunene Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn, Tokke og Tønsberg.

NVE har sett gjennom meldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Vi vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg.

- *Så langt vi kjenner til er det ingen konflikter knyttet til vern av områdene Skulehomfjellet, Stormyråsen og Skriuffjellet.*

- *Vi gjør oppmerksom på at nettselskapene Telemark Nett AS, Lede AS, DE Nett AS, Føre AS, Everket AS og Stannum AS har områdekonsesjon i de foreslåtte verneområdene.*

- *I verneforslagene Brånås, Storskog, Kringsås, Heggeneset, Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia og Humleneset (utv.) er det nettanlegg som krysser områdene. Når det kommer til områdene Storås, Jønjljo NR, (utv.) og Tjuvberget ligger nettanlegg nært, men utenfor.*

- *NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer.*

Nettanlegg

Vi gjør oppmerksom på at nettselskapene Telemark Nett AS, Lede AS, DE Nett AS, Føre AS, Everket AS og Stannum AS har områdekonsesjon i de foreslåtte verneområdene. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er viktig at områdekonsesjonærer og netteiere vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer. Vi ber nettselskapene å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

I de foreslåtte verneområdene Brånås, Storskog, Kringsås, Heggeneset, EidsborgkleivaneGjuvstøyllia og Humleneset (utv.) er det nettanlegg som krysser områdene. NVE ber om at standardbestemmelsene for nettanlegg inkluderes i verneforskriftene for disse områdene, slik at drift, vedlikehold og oppgradering kan gjennomføres. Vi forutsetter at nettselskapene uttaler seg dersom standardbestemmelsene ikke dekker deres behov.

Kraftverk

Når det kommer til kraftverksinteresser ber vi statsforvalter sende verneforslaget til eierne av kraftverkene (nevnt nedenfor) for å unngå at verneforslaget kommer i konflikt med drift, vedlikehold eller oppgradering av kraftverkene. NVE ber kraftverkseierne å uttale seg om hvorvidt vern vil være i konflikt med drift og vedlikehold av kraftverket. Deres hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt.

Øvrige kommentarer til områdene

6. Kringsås

Føre AS har områdekonsesjon og eier nettanlegg som krysser deler av det foreslåtte verneområdet».

Telemark Nett (-post dagsett 19.07.2023) har ikkje gitt uttale om Kringsås.

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.11.2021) uttaler følgende:

«Som høringsinstans for forslag til opprettelse av nye naturreservat, ønsker vi å gi noen generelle innspill til verneprosessen.

Vi beklager at våre innspill til oppstart av verneprosessen kommer etter fristen (5.7.2023), men håper likevel at våre innspill vil tas med i den videre prosessen.

Grundige områdebeskrivelser

Av høringsdokumentene må det tydelig framkomme om og i tilfelle hvordan det aktuelle området nyttes i landbrukssammenheng. Dersom det er landbrukshensyn i området som ikke ivaretas i utkast til forskrift, ber vi om at det begrunnes i høringsdokumentene. Typiske landbruksinteresser kan være (listen er ikke uttømmende):

- o Skogsbilvei som er nødvendig for skogbruk på bakenforliggende arealer
- o Traktorvei i forbindelse med jordbruk
- o Støl/seterområde
- o Beite
- o Reindrift

Utforming av verneforskrift

Dersom det går veier/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Fylkesmannen vurdere om det kan gis bestemmelser om merking, rydding og vedlikehold av disse. Det bør legges til rette for drift og vedlikehold av eventuelle støl-/seterområder og åpnes for andre tekniske tiltak som bidrar til en landbruksmessig utnyttelse av området. Dersom slike tiltak ikke er ønskelig innenfor verneområdet, må det gis en faglig begrunnelse for dette i høringsdokumentene.

Beitebruk vil være aktuelt i mange områder som foreslås vernet som naturreservat. Det bør derfor vurderes om forskriften kan åpne for dette. Hvis ikke, må det redegjøres for hvorfor i høringsdokumentene. Dersom det åpnes for beiting i området bør det også utarbeides bestemmelser for utsetting av saltsteiner og oppføring/vedlikehold av gjerder og sanketrøer. For alle tiltakene over må det vurderes om det kan gis bestemmelser om motorferdsel i forbindelse med tiltakene. Det bør gis generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i forbindelse med uttransportering av syke og skadde bufe.

Vi forutsetter at Fylkesmannens landbruks- og reindriftsfaglig kompetanse involveres i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også være nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltningen i arbeidet».

STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at vi har teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Når det gjelder uttalen frå Direktoratet for mineralforvaltning, DMF så registrerer Statsforvaltaren at omtalen av koparførekomsten Ransvik, som det er vist til i deira uttale, ikkje seier så mykje om førekomsten ut over at det er angitt som reserve. Høyringa kan forhåpentleg få fram ytterlegare opplysningar om førekomsten.

Når det gjeld uttala frå NVE peikar dei på fleire forhold kring verneprosessen, mellom anna at ein har grundige sakshandsamingsprosessar og at alle involverte interessentar gis moglegheit til å uttale seg. Difor er det viktig at aktuelle aktørar står på høyringslista. Statsforvaltaren meiner at ein har følgd opp denne oppmodinga og i tillegg vert saka kunngjort i lokal-regionalpressa, samt alle dokument vert lagt på vår heimeside. Statsforvaltaren tilpassar og verneforskrifta til dei energiinteressene (kraftlinjer) som måtte vera i det einskilde reservat, jf. forslag i forskrifta §§ 4 og 7.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men dersom det skulle vere aktuelt med beitedyr innanfor verneområdet er det tatt høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 § 6 og § 7.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 1. september 2024**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

5. Verneplanen sitt omfang

Kringsås naturreservat har fått nasjonal verneverdi (***). Tabellen under viser omfanget av verneplanen:

| Namn | Kommune | Tal på grunneigarar | Totalareal | Verneverdi |
|------------------------|---------------|---------------------|------------|----------------|
| Kringsås naturreservat | Midt-Telemark | 7 | 2538 daa | (***) nasjonal |

6. Faktaark

| | |
|-------------------|--|
| LOKALITET: | Kringsås naturreservat |
| KOMMUNE: | Midt-Telemark |
| FYLKE: | Telemark |
| VERNEKATEGORI: | Naturreservat |
| AREAL: | 2538 daa |
| HØGDE OVER HAVET: | Ca. 40-588 m.o.h. |
| EIGEDOMAR: | Gnr./bnr. 146/1, 146/2, 146/5, 147/1, 149/2, 149/8, 149/20 |

Faktaarket for tilbudsområdet Kringsås er skrive på *bokmål* frå kartleggarane sin side, og vi har i atgivinga av delar av teksten ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål. Enkelte avsnitt er redigert noko for å avgrensa lange tekstar.

Feltarbeid

Undersøkellesområdet «Kringsås» inngår i en tematisk kartlegging av kalkskog i 2018 og ble kartlagt av Biofokus høsten 2018 på oppdrag for Miljødirektoratet. Undersøkellesområdet omfatter 2825 daa og det meste av Kringsås i tidligere Sauherad kommune inngår. Avgrensningen omfatter toppen av Kringsås og tilhørende lisider ned til Svinetjønn i vest, Hofsrud i sør og Sanden, Pilodden og Ramsvik i øst. Feltarbeidet ble gjennomført 25.10.2018. Hele undersøkellesområdet ble gjennomgått og regnes som godt undersøkt.

Tidligere undersøkelser

Store deler av undersøkellesområdet er fra tidligere naturtypekartlagt etter DN-håndbok 13 og ti naturtypelokaliteter foreligger i Naturbase. Lokalitetene på toppområdet ble kartlagt i tidsrommet 2000-2002 i forbindelse med naturtypekartlegging i kommunen. De søndre og sørvestre lisidene ble naturtypekartlagt i 2000 i forbindelse med registrering av nøkkelbiotoper på Opplysningsvesenets fond sine skoger (OVF). Ravinelokalitetene øst i området ble kartlagt i 2009 i forbindelse med oppdatering av naturtypelokaliteter i kommunen. I forbindelse med de ulike kartleggingene ble det gjort en god del funn av rødlistede arter som er registrert i Artskart.

SKILDRING AV OMRÅDET

Topografi

Området har en variert topografi med et småkupert toppområde og stupbratte lisider som er oppbrutt av bratte fjellvegger og sprekkedaler av ulik eksposisjon. I de flatere områdene i øst er terrenget oppbrutt av raviner og små grunnlendte koller.

Geologi

Berggrunnen i undersøkellesområdet består for det meste av fattige gneiser og kvartsitt. I den søndre delen finnes noe amfibolitt og akeritt som er en god del rikere sammenlignet med de andre bergartene i området. Selve toppområdet på Kringsås er svært grunnlendt og berggrunnen er ofte blottlagt i dagen. Berget er ellers overdekket av tynne humusdekker og i forsenkninger finnes inniblant tykke torvavsetninger og moreneavsetninger. I lisidene finnes tykkere lag med rasmateriale og moreneavsetninger som varierer i baserikhet. Rundt Hovsrud og Sanden er fjellet overdekket med tykke breelavsetninger og tynne havavsetninger.

Vegetasjonsgeografi

Vegetasjonseksjon: O1-Svakt oseanisk, vegetasjonssone: sørboreal 40% boreonemoral 60% . Området ligger i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone i svakt oseanisk seksjon (O1) (Moen 1998).

Økologisk variasjon

Forskjeller i topograf, eksposisjon, jordsmonnstykkelse og baserikhet langs en stor høydegradient gir grunnlag for en ganske stor økologisk variasjon.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVIRKNING

Vegetasjonen i Kringsås viser stor variasjon når det gjelder rikhet og treslagssammensetning. Furuskoger av ulike utforminger er imidlertid dominerende i det meste av området. Toppområdet av Kringsås er generelt sett grunnlendt og fattig, mens lisidene har større innslag av rike skogtyper på tykkere jordsmonn. Generelt sett preges området av tørkeutsatte vegetasjonsutforminger, men har også innslag av friske og fuktige utforminger, særlig i ravinene øst i området. På det tørre og skrinne toppområder finnes en mosaikk av lav- og lyngskog med dominans av furu i tresjiktet.

I små søkk og forsenkninger med litt tykkere jordsmonn går vegetasjonen raskt over til bærlyngskog med mye furu og vekslende mengder gran, bjørk og osp i tresjiktet. I enkelte søkk finnes innslag av fattige myrer, ofte med en tynn brem av fattig furudominert myrskogmark i kantsonene. I de bratte skrentene nedover mot dalen finnes en blanding av grunnlendte fattige skogtyper og rikere skogtyper på rasmateriale og morenemateriale. På rasmark og rik morenejord i hellende terreng forekommer blandingsskoger på svak lågurtmark og lågurtmark. Tresjiktet domineres som oftest av furu eller gran, men en god del bjørk, osp, hegg selje, rogn, lind, alm, ask og hassel inngår ofte samt et fåtall individer av eik i solvarme lisider og svartor i friske lavereliggende områder. I feltsjiktet finnes enkelte lågurtarter som vårerteknapp, sanikel, skogsalat, svarterteknapp, lakrismjelt og blåveis.

Furuskog på sandholdig mark finnes særlig i de lavereliggende delene av området vest for Pilodden og Sanden. Sandfuruskogen står både på bærlyngmark og på rikere mark som svak bærlyng-lågurtskog og bærlyng-lågurtskog.

Området innehar en stor andel med gammel skog som generelt sett er lite påvirket av menneskelige inngrep i nyere tid. Den eldste skogen finnes i de mest utilgjengelige partiene av området, noe som er et gjennomgående trekk ved mye av skogen i landet. På toppområdet av Kringsås er furuskogen ganske småvokst, sturende og glissen, men gjennomgående gammel med tydelig sjiktning og tydelig aldersspredning. I forsenkninger med tykkere jordsmonn er furuskogen mer høyreist og tettvokst.

Det er generelt sett lite dødved av furu i området, men spredte gadder og læger finnes i enkelte partier. Selv om dødvedtettheten er lav vurderes kontinuiteten i nedbrytningsgrad å være middels høy. Granskogen i forsenkningene i landskapet er også gammel og som regel rikere på dødved sammenlignet med furuskogen. I mindre partier finnes sammenbrudd med mye dødved av gran i de feste nedbrytningsstadier. Øst for Østre Kringsåsmyr finnes et parti som er særlig rikt på dødved av gran, men her finnes også mye grove ospelæger som resultat av en gammel ospesuksesjon i kollaps.

Skogen på toppen av Kringsås har ikke vært gjennomhugget i nyere tid, men har vært utsatt for plukkhogst fra gammelt av og den mest produktive granskogen i søkkene bærer preg av gamle gjennomhogster.

Nede i lisdene står furuskogen på tykkere jordsmonn og er mer produktiv, høyreist og tettvokst sammenlignet med de skrinne toppområdene. Rundt Langeskår finnes høyreist og gammel furuskog og gamle blandingskoger på høybonitetsmark. Skogen er stedvis rik på dødved av furu i de feste størrelser og nedbrytningsstadier. I tillegg finnes spredte keloelementer av furu og enkelte ansamlinger med mye dødved av gran og osp. Bortsett fra spredte spor av gammel plukkhogst fremstår skogen som lite påvirket.

Grove høyreiste furutrær finnes spredt i det meste av området og tyder på en langvarig rotkontinuitet i disse skogområdene. Furu med brysthøydediameter (dbh.) på opptil 80 cm forekommer. I de lavereliggende partiene vest for Pilodden og Sanden, sørøst i området, finnes halvgamle til eldre tettvokste furuskoger på produktiv sandholdig mark. Sandfuruskog er en sjelden skogtype i regionen og er ofte kjent for å huse et rikt mangfold av kravfulle arter. En god del av skogen har tydelige spor av gammel kulturpåvirkning og den todeltede aldersstrukturen på skogen er det tydeligste tegnet på at deler av skogen må ha vært mer åpen fra gammelt av. Sandfuruskogene er svært produktive og vil på relativt kort sikt kunne utvikle store mengder dødved sammenlignet med lite produktive furuskoger på toppområdet.

Rett vest for Pilodden og Sanden har noen raviner blitt avsatt i de tykke sandavsetningene og gitt opphav til skyggefulle og fuktige skogmiljøer med høy luftfuktighet. Denne typen ravineskoger er ganske sjeldne i regionen. Skogen i ravinene har typisk et toppsjikt med eldre bartrær og et undersjikt med boreale løvtrær av varierende alder. Det er generelt sett lite dødved i ravinene og for det meste nydannede læger av boreale løvtrær. Edelløvs skogen og den rike blandings skogen som for det meste står på rasmark inntil fjellskrentene eller i sprekkedalene, har som regel et gammelt preg og er stedvis rike på gamle trær og dødved. Grove læger av osp og gran finnes spredt og kontinuiteten i nedbrytningssgrad varierer en god del, men er som regel lav til middels høy. Spredt står ofte gamle bjørketrær, seljer og enkelte lindekloner. Øst for Langeskår finnes en gammel edelløvs skog på rasmark inntil fjellskrentene. Skogen domineres av gamle trær av alm, ask og gamle hasselkratt. Noen av almene har hullåpninger med forekomster av vedmuld. I nærheten finnes også noen gamle hule eiketrær med brysthøydediameter på opptil 100 cm.

VERNEINTERESSER

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar og naturtypar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk Raudliste 2015 (som var gjeldande i 2019), frå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua». LC=livskraftig.

Det er avgrensa 12 kjerneområder innenfor området, som inkluderer naturtypeutformingene gammel lavlandsfuruskog, alm-lindeskog, rik sandfuruskog (NT), intermediær sandfuruskog, sørboreal gran-blandingskog, furu-lavlandsblandingskog, gammelt ospeholt og gammel lavlandsgranskog. Ti av disse har fått verdi B, det vil si «viktig» og to område med verdi A, «svært viktig». Det største A-området er på 100,3 daa (Langeskår) og er definert som *gammel furuskog – gammel lavlandsfuruskog*. Det største B-området er på 137 daa (Kringsåsliene Nord) og er definert som *gammel lavlandsblandingskog – sørboreal gran-blandingskog*.

Det er til sammen registrert 14 rødlistede arter innenfor området (1 EN, 3 VU og 10 NT) fordelt på gruppene karplanter, lav, moser og sopp. Det er svært sannsynlig at mange kravfulle arter ikke har blitt fanget opp i kartleggingen da en god oversikt over artsinventaret krever mer omfattende artsundersøkelser. Man kan særlig forvente å finne et rikt mangfold av jordboende sopp i de baserike skogområdene i lisidene rundt Kringsås. Kravfulle insekter knyttet til varmekjære skogtyper er en annen gruppe som ikke har blitt fanget opp i kartleggingen. På toppområdet av Kringsås er det gjort funn av noen kravfulle arter som typisk er knyttet til gamle furuelementer. På to gamle furugadder i kanten av vestre Kringsåsmyr er ulvelav *Letharia vulpina* (VU) registrert i moderate mengder.

I lia øst for myra ble tyrikjuka *Sidera Lenis* (NT-nær truet) funnet på en morken furulåg. I de litt mer produktive sprekkeleiene med granskog ble gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) funnet i moderate mengder på grankvister og i partiene med ansamlinger med dødved ble svartonekjuka *Phellinus nigrolimitatus* (NT), rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT), duftskinn *Cystostereum murrayi* (LC) og granrustkjuka *Phellinidium ferrugineofuscum* (LC) funnet spredt på enkelte granlæger. Flere steder i området er også rosenkjuka *Fomitopsis rosea* (NT) funnet på granlæger. Lungenever *Lobaria pulmonaria* (LC) ble funnet på enkelte grove rogn og osp på toppområdet og er ellers registrert på ulike rikbarkstrær flere steder i området. I den produktive sandfurskogen sør for Stegakleiv har gul strøkjuka *Sistotrema alboluteum* (NT) blitt registrert på dødved av furu. De produktive og baserike sandfurskogene ved Stegakleiv, og ellers i området, innehar et stort potensial for å huse et rikt mangfold kravfulle arter av jordboende sopp. Fordi sommeren 2018 var unormalt tørr og feltarbeidet ble gjennomført seint på høsten, ble det funnet svært lite sopp i skogen.

I en ravine vest for Kringsjø er den kravfulle og truede arten oreblæremose *Frullania oakesiana* (EN) registrert på døde greiner hos ulike treslag. Arten er knyttet til stabilt fuktige og skyggefulle skogmiljøer som ofte finnes i ravinene. Arten er sjelden på landsbasis og virker å ha sin hovedutbredelse i Osloområdet.

I den sørvendte lisida ved Langeskår finnes et ganske rikt utvalg av kravfulle vedlevende sopp knyttet til dødved av ulike treslag, særlig osp. Eggegul kjuka *Perenniporia tenuis* (VU) og ospelvitkjuka *Antrodia pulvinascens* (NT) er registrert på enkelte ospelæger som ligger solrikt til i den sørvendte lia. Fra tidligere er også hårkjuka *Funalia trogii* (VU) registrert på osp i samme område. På enkelte almelæger ble almekullsopp *Hypoxylon vogesiacum* (NT) registrert og svovelkjuka *Laetiporus sulphureus* (LC) ble funnet på et gammelt eiketre stående i rasmarka. Svovelkjuka *Laetiporus sulphureus* (LC) ble også observert på en gammel selje lengre nord i området. Blanknål *Calicium denigratum* (NT) ble funnet på en tørr furugadd i området og er sannsynligvis ganske utbredt på tørre furugadder flere steder i området.

Samlet vurderes det foreslåtte området å inneha viktige naturkvaliteter av høy verdi i både nasjonal og internasjonal sammenheng. Området tildeles derfor nest høyeste score (5 poeng). Dette tilsvarer **nasjonal verneverdi** (***).

Mangeloppfyllelse

Området oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtypene rik blandingskog i lavlandet og gammel furskog. Området scorer også høyt på de generelle manglene lavlandskog (hkl. IV og V) og høybonitetsskog (hkl. IV og V). Området scorer middels på restaurering og utviklingspotensial for yngre furskog på baserik, sandholdig mark. Skogen vil relativt raskt kunne utvikle kvaliteter som er viktige for biologisk mangfold sammenlignet med mer saktevoksende furskoger på fattig og skrinn mark. Samlet vurderes området å dekke inn

mangler som totalt sett gir en høy mangeloppgyllelse i skogvernsammenheng (Framstad m.fl. 2017).

Vurdering av mangeloppgyllelse for ulike vernemålsetninger for lokalitet Kringsås.

Mangelnaturtyper: Høy mangeloppgyllelse

Generelle mangler (lavlandsskog, høybonitets skog og biologisk gammel skog): Høy mangeloppgyllelse

Restaurering- og utviklingspotensial: Middels mangeloppgyllelse

Storområdekvaliteter: Ikke aktuell

Samlet mangeloppgyllelse: Høy mangeloppgyllelse

FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som representerer ein bestemd type natur i form av gammal lavlandsfuruskog, alm-lindeskog, rik sandfuruskog og sørboreal granblandingsskog i låglandet. Området har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av rik førekomst av død ved og mange sjeldne og trua artar av karplanter, lav, moser og sopp.

ANDRE INTERESSER

Det er ikkje kjend andre interesser i foreslått verneområde på noverande tidspunkt i verneprosessen. Om det skulle vere det håpar Statsforvaltaren at det kjem fram i høyringa.

TEKNISKE INNGREP

Ei kraftlinje kryssar inn i verneforslaget ovanfor Ramsvik i nordre (nedre) del av verneforslaget. Det er og fleire traktorvegar som er bygd innanfor det som er foreslått vernegrense, samt nokre stiar. Dette er vist i forslag til vernekart. Dersom det er fleire vegar, stiar og gamle sleper innanfor verneområdet ber ein om at dei blir gitt nærare opplysningar om i høyringa.

PLANSTATUS

Arealet ligg i område satt av til LNFR- (landbruks- natur- og friluftsområde) formål i kommuneplanens arealdel.

MERKNADER

Ingen merknadar.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen viser skogbruksopplysningar for tilbodsområdet (alle eigedomar samla).

| Namn | Total-areal | Produktivt areal i daa | | | | Anna areal i daa | | | | Tilvekst | Volum |
|--------------------|-------------|------------------------|-----|-----|------|------------------|-------|------|------|----------------|----------------|
| | daa | H | M | L | Sum | Myr | Annet | Vatn | Imp. | m ³ | m ³ |
| Kringsås NR | 2546 | 738 | 907 | 725 | 2370 | 8 | 168 | | | 0,44 | |

Skogbruksopplysningane er levert av AT Skog. Tala kan ha endra seg noko i løpet av prosessen fram mot høyring etter som noko areal kan vera tatt inn/ut enkelte stader sidan tilbodet kom inn til Statsforvaltaren.

LITTERATUR

Reiso S., Brynjulvsrud J. G., Høitomt L. E. 2019. *Naturverdier for lokalitet Kringsås, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus.*

7. Framlegg til verneforskrift

Kommentarar til forskrifta

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning.

Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar.

Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav e til rydding og vedlikehald av stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på vegar og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Forslag til forskrift om vern av Kringsås naturreservat i Midt-Telemark kommune i Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som representerer ein bestemd type natur i form av førekomst av gammal lavlandsfuruskog, alm-lindeskog, rik sandfuruskog og sørboreal granblandingsskog i låglandet.

Området har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av rik førekomst av død ved og mange sjeldne og trua artar av karplanter, lav, moser og sopp.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Midt-Telemark kommune: 146/1, 146/2, 146/5, 147/1, 149/2, 149/8, 149/20.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 2538 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Midt-Telemark kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp

- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting
- e. vedlikehald av eksisterande traktorvegar og stiar vist på vernekartet i samsvar med standard på vernetidspunktet
- f. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. utsetting av saltstein
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt
- i. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane angitt i verneformålet nemneverdig.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande traktorvegar og stiar.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på traktorvegar vist i vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt storvilt med andre kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnd i § 6 annet ledd b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. hogst av etablerte plantefelt
- g. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d
- h. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- i. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav e og g, og § 7 bokstav a, d og f.

- j. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (iverksetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Almedominert edellauvskog i sørvestvendt skråning. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud.